

Sjukdomane barnet ditt blír tilbydd vaksine mot

6 veker

0 (1) stikk

Rotavirus (drikkevaksine) •
Tuberkulose (kun barn i risikogrupper)

3 md

2 stikk

Rotavirus • Difteri • Stivkrampe •
Kikhoste • Poliomyelitt • Hib-infeksjon •
Hepatitt B • Pneumokokksjukdom

5 md

2 stikk

Difteri • Stivkrampe • Kikhoste •
Poliomyelitt • Hib-infeksjon • Hepatitt B •
Pneumokokksjukdom

12 md

2 stikk

Difteri • Stivkrampe • Kikhoste •
Poliomyelitt • Hib-infeksjon • Hepatitt B •
Pneumokokksjukdom

15 md

1 stikk

Meslingar • Kusma • Raude hundar

Les meir her: www.fhi.no/om-bvp



Før og etter vaksinasjon

Gi beskjed til helsesøster dersom

- barnet har allergi eller andre helseproblem
- barnet nyleg har fått medisinar eller andre vaksinar
- mor har fått medisinar som reduserer immunforsvaret under svangerskapet og/eller mens ho ammar

Etter vaksinasjon bør ein vente 20 minutt før ein går fra helsestasjonen.

Dei fleste barn får liten eller ingen reaksjon etter vaksinering, men enkelte kan få milde og forbigåande reaksjonar, for eksempel lett feber. Dersom barnet får feber over 39 °C og/eller redusert allmenntilstand, kan dette vere teikn på alvorleg sjukdom og treng ikkje vere ein reaksjon på vaksinen. Kontakt derfor lege viss du er uroleg for barnet.

Kombinasjonsvaksine

Kombinasjonsvaksine gir vern mot fleire sjukdomar i ei og same sprøyte. Fleire av vaksinane i progammet gis på denne måten. Det innber færre stikk for barnet og gir færre reaksjonar på stikkstaden enn når vaksinane blir gitte kvar for seg.

Barnevaksinasjonsprogrammet i skulealder

I løpet av grunnskulen får barnet tilbod om oppfriskingsdosar av enkelte av vaksinane. På 7. trinn blir det tilbydd vaksine mot humant papillomavirus (HPV).

Oversikt over hvilke vaksiner barnet har fått

Alle vaksinar som barnet får, blir registrerte i det nasjonale vaksinasjonsregisteret SYSVAK. Du finn ei oversikt over barnet sine vaksinasjonar på Vaksinetjenesta på www.helsenorge.no

Spør gjerne helsesøster om du lurer på noko.